

Førde kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 23.10.2015
Møtestad: Førde rådhus, møterom 447 Haukedalen
Møtetid: Kl. 09:00

Innkalling: Faste medlemar i utvalet, rådmann i sak 037/15, revisor i sakene 036-037/15.

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: arva@sekom.no
Audhild Ragni Vie Alme, tlf: 57 61 27 85 mobil: 971 70 064

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
034/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
035/15	Skriv og meldingar 6-2015
036/15	Opplæring av nytt kontrollutval
037/15	Prosjektrekneskap Elvevegen og Meierikvartalet - opprusting
038/15	Oppfølgingslister 6-2015
039/15	Eventuelt

Med helsing

Kari Daltveit
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 23.10.2015	Saksnr 034/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/454
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 23.10.2015	Saksnr 035/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 15/452
---	-------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar 6-2015

Vedlegg:

Nr	Dok.dato	Tittel	Dok.ID
1	16.09.2015	Førde kommune v/Helse og barn sitt svarbrev til Fylkesmannen datert 22.7.2015: Endeleg rapport - vår plan til å rette opp avvik	15/1582
2	05.10.2015	Fylkesmannen sitt brev datert 24.9.2015 - avslutting av tilsyn med Førde kommune - Førde ungdomsskule	15/1607
3	05.10.2015	BY-038/15 Reglement for høyringar i Førde kontrollutval, vedteke i Bystyret 24.9.2015	15/1609
4	02.10.2015	Førde kommune - revidert finansreglement vedteke i Bystyret 24.9.2015	15/1606

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:
Ove Mjåtveit
Tlf. 57612737

Vår referanse:
15/602-8-OVMJ-F47

Dato:
22.07.2015

Endeleg rapport – vår plan for å rette opp avvik

Fylkesmannen fann to avvik i sin gjennomgang. Systemrevisjonen peika på at kommunen ikkje sikrar ei forsvarleg vurdering av alle meldingar. Det vart også gitt avvik for at offentleg meldar ikkje alltid får tilbakemelding etter avslutta undersøking.

Kva tiltak vil vi setje i verk for å rette avvika?

Fylkesmannen har gitt konkrete påpeikingar til kvart av avvika. Dette gjorde at praksisen med at ikkje alle meldingar vart fullverdig registert (t.d. i tilfelle der meldingane skulle vidare til andre kommunar), vart endra med ein gong. Endring av praksis i høve søknader, gjennomgang av historikk for å avklare eventuell tidegare kontakt med familie og korleis vi avklarar meldingar med foreldra vil bli drøfta i allmøte og deretter nedskrive i rutinane våre. Det same gjeld i høve vår dokumentasjon av vurderingar i saker der vi legg vekk meldingar, om dokumentasjon av om vi vurderer behov for tiltak sjølv vi meiner at det er andre som er rett instans. Det er også vist til at risikovurderinga og avvikssystemet må sikrast betre. Det er gjennomført nyleg risikovurdering på dette området, og dette vil bli revidert. Det vil bli gjort til rutine at leiarar regelmessig skal sjekke henlagte meldingar og slik kvalitetssikre desse.

Tilbakemelding til offentlege meldarar har ikkje skjedd i alle tilfelle. Det er varsla til leverandør av sakshandsamingsystemet at systemet med fordel kunne ha innebygd ei på minning om dette. Fagleiar har også gjort dette til rutine, og det er nedteikna i rutinene. Dette er allereie gjennomført.

Tidspunkta for når dette skal vere gjennomført

Som nemnt er nokre endringar allereie gjennomført. Vidare diskusjon om rutineendringar vert gjennomført etter sommarferien, og vil vere ferdig innan 1.10.15. Ny gjennomgang av alle henlagte meldingar vil bli gjennomført av mottaksteamet og leiinga innan same dato.

Tidspunkt for evaluering av om tiltaka har hatt effekt

Rutinene for mottak av meldingar vil bli evaluert i fellesskap av teamet og leiarar innan nyttår 2016.

Med helsing

Kurt Even Andersen
Kommunalsjef

Ove Mjåtveit
Leiar

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

Fra: Ove Mjåtveit
Sendt: 16. september 2015 08:46
Til: Audhild Ragni Vie Alme; Førde Postmottak
Kopi: Ole John Østenstad
Emne: SV: Plan for tiltak for å rette opp avvik i høve fylkesmannen sitt tilsyn med barneverntenesta
Vedlegg: Plan for å rette opp avvik jf systemrevisjon.pdf

Hei,

Spørsmålet er retta til postmottaket, men eg tek sjansen på å svare likevel. Brevet vart sendt i slutten av juli og ikkje innan midten av juli. Sjå vedlegg.

Med venleg helsing

> **Ove Mjåtveit**
Einingsleiar Barnevern

Forde kommune www.forde.kommune.no <<http://www.forde.kommune.no/>>
Tlf. 57 61 27 37
Mob. 952 23 430



Tenk miljø før du skriv ut denne e-posten.

Fra: Audhild Ragni Vie Alme
Sendt: 15. september 2015 14:15
Til: Førde Postmottak
Kopi: Ole John Østenstad; Ove Mjåtveit
Emne: Plan for tiltak for å rette opp avvik i høve fylkesmannen sitt tilsyn med barneverntenesta

Hei,

Fylkesmannen sin rapport frå systemrevisjon med Førde kommune, Førde og Gaular barnevernteneste datert 29.6.2015, vart lagt fram i sak 029/15 skriv og meldingar i Førde kontrollutval i dag. I fylgje oversendingsbrevet frå Fylkesmannen skulle Førde kommune innan midten av juli 2015 utarbeide ein plan som viser kva tiltak de vil setje i verk for å rette opp avvik som blei avdekte under tilsynet.

Kontrollutvalet ynskjer å få tilsendt denne planen, og vi ber om at de sender den til SEKOM-sekretariat innan 30.9.2015.

Med helsing

Audhild Ragni Vie Alme
Rådgjevar
SEKOM-sekretariat

Sekretariat for kontrollutvala i 15 kommunar:
Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hyllestad, Hornindal, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Mobil: +47 97170064, Tlf: 57612785
E-post: arva@sekom.no <<mailto:arva@sekom.no>>
Adresse: Hafstadvegen 42, 6800 Førde



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Lill Mona Solberg
Telefon: 57643105
E-post: fmsflms@fylkesmannen.no

Vår dato
24.09.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/548 - 632.1
Dykkar referanse

Førde kommune
Postboks 338
6802 Førde

Førde kommune - avslutting av tilsyn

Bakgrunn for saka

Vi viser til tilsynsrapport etter tilsyn med Førde kommune - Førde ungdomsskule, oversendt kommunen 01.06.2015. I tilsynet vart det avdekt lovbrøt som gjaldt skulens arbeid med opplæring i fag og vurdering av behov for særskild språkopplæring.

Frist for tilbakemelding til Fylkesmannen om korleis kommunen og skulen ville rette tilhøva var sett til 15.09.2015. Kommunen har no sendt Fylkesmannen ei erklæring om at det ulovlege forholdet er retta.

Varsel om pålegg, per 01.06.2015

Skulens arbeid med opplæring i fag

1. Førde kommune må syte for at arbeidet med individuelle opplæringsplanar ved Førde ungdomsskule er i samsvar med opplæringslova §§ 5-1 og 5-5.

Førde kommune må i samband med dette sjå til at:

- a. Innhaldet i IOP samsvarer med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa, medrekna når det er gjort avvik frå LK06.
- b. IOP-en har eigne mål for opplæringa nå eleven si opplæring skal avvike frå ordinære læreplanar.
- c. Skulen har ein implementert rutine for å sikre at IOP-en er samordna med planane for den ordinære opplæringa (klassen).

Kommunens tilbakemelding

«Det er laga ny mal for individuell opplæringsplan som sikrar at a) og b) blir følgt opp. I årshjulet for arbeidet med spes.ped/tilpassa opplæring i Førde, skal kontaktlærer/pedagog lese gjennom og sette seg inn i innhaldet i elevmappene. I det ligg også å sjekke einskildvedtak og førebu skiving av IOP . Dette skal vere gjennomført i løpet av august. Skiving av IOP skal så vere utarbeidd innan 15.september. Desse prosedyrane sikrar at det er samsvar mellom einskildvedtak, IOP og planane for klassen.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

For å sikre at desse rutinane vert etterlevde har Førde kommune bedt om at alle nye IOP vert sendt til kommune. Førde kommune har no gått gjennom desse og kan stadfeste at dei stettar krav i avvik 1 a), b) og c).»

Vurdering av behov for særskild språkopplæring

2. Førde kommune må syte for at Førde ungdomskule sikrar at elevar som ikkje har norsk eller samisk som morsmål, får vurdert sitt behov for særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 2-8.

Førde kommune må i samband med dette sjå til at:

- a. Skulen har ein implementert rutine for å kartleggje elevane sine ferdigheiter i norsk.
- b. Skulen har rutinar som sikrar at det blir vurdert om eleven òg har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring når eleven har behov for særskild norskopplæring.
- c. Norskferdigheitene til elevar med vedtak om særskild språkopplæring blir kartlagde undervegs i opplæringa.

Kommunens tilbakemelding

«Etter tilsyn med same tema i 2012, utarbeidde Førde kommune ny rutinar rundt tilbodet om særskild språkopplæring etter §2.8 i opplæringslova. Desse rutinane vart ikkje fylgde opp av leiinga på Førde ungdomsskule, og dette var årsak til at vi fekk avvik på nytt. Førde kommune har no gjennomgått rutinane med den nye leiinga på skulen. Samstundes har Førde ungdomsskule utarbeidd ein plan for språkopplæring for fleispråklege elevar. Førde kommune har også teke i bruk UDIR sitt kartleggingsverktøy-Språkkompetanse i grunnleggande norsk-, og i tillegg brukar i VOKAL til å ha oversikt over dei kartleggingane som er gjennomførde.

Med dei tiltaka som no er gjennomførde, vil Førde kommune kunne fylgje opp og få retta opp avvika 2 a), b) og c).

Tilsynet blir sett på som avslutta

Fylkesmannen tek erklæringa frå kommunen til orientering.

Tilsynet med Førde kommune og Førde ungdomsskule er med dette avslutta.

Med helsing

John Ole Vange
utdanningsdirektør

Lill Mona Solberg
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til Førde ungdomsskule, e-post: forde.ungdomsskule@forde.kommune.no



Førde kommune

Styre, råd og utval

Formannskapet
Bystyret

Møtedato

27.08.2015
24.09.2015

Saksnr

039/15
038/15

Sakshandsamar:

John Hjelkrem

Arkiv:

FE-033

Arkivsaknr.:

15/1738

Reglement for høyringar i Førde kontrollutval

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
11.08.2015	Sak 025.15 Reglement for høyringar i Førde kontrollutval.pdf	174863
11.08.2015	Reglement for høyringar i Førde kontrollutval, handsama av kontrollutvalet 19.6.2015.pdf	174864

Saksutgreiing:

Førde kontrollutval har i møte 19.06.2015, sak 025/15, handsama sak om «Reglement for høyringar i Førde kontrollutval.

Saka vert lagt fram for handsaming i formannskapet/bystyre i det ein syner til saksutgreiing og vedtak i Førde kontrollutval.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til reglement for høyringar i Førde kontrollutval datert 10.6.2015, vert vedteke med følgjande endring av §3 punkt 1, 2. setning og 4: Andre tilsette i kommunen kan inviterast direkte for å møte i høyring. Spørsmålet stillast direkte til den tilsette, men rådmannen skal gjevast høve til å supplere forklaringa om ønskjeleg.

Handsaming i Formannskapet 27.08.2015:**Samrøystes tilråding****FORM-039/15 Vedtak:**

Framlegg til reglement for høyringar i Førde kontrollutval datert 10.6.2015, vert vedteke med følgjande endring av §3 punkt 1, 2. setning og 4: Andre tilsette i kommunen kan inviterast direkte for å møte i høyring. Spørsmålet stillast direkte til den tilsette, men rådmannen skal gjevast høve til å supplere forklaringa om ønskjeleg.

Handsaming i Bystyret 24.09.2015:
Samrøystes vedtak

BY-038/15 Vedtak:

Framlegg til reglement for høyringar i Førde kontrollutval datert 10.6.2015, vert vedteke med følgjande endring av §3 punkt 1, 2. setning og 4: Andre tilsette i kommunen kan inviterast direkte for å møte i høyring. Spørsmålet stillast direkte til den tilsette, men rådmannen skal gjevast høve til å supplere forklaringa om ønskjeleg.

Førde, den 11.08.2015

Ole John Østenstad
Rådmann

Endra i samsvar med vedtak sak 025/15 handsama i kontrollutvalet 19.6.2015

Dato: 10.06.2015
Vår referanse: 15/691
Arkiv: FE-033

Reglement for høyringar i Førde kontrollutval

§ 1. Verkeområde og føremål

1. Kontrollutvalet kan halde høyringar innan sitt ansvarsområde. Med høyring vert meint eit møte i kontrollutvalet der ein mottar munnlege forklaringar frå personar som er bedne om å møte for å få belyst ei spesiell sak eller eit saksområde.
2. Føremålet med reglementet er å sikre kontrollutvalet og bystyret sitt informasjonsbehov i kontroll saker og ei god framdrift i høyringa, samtidig som omsynet til dei innkalla sin rettstryggleik vert ivareteken.
3. Kontrollutvalet sine høyringar skal haldast i tråd med dette reglementet.

§ 2. Førebuing av høyring

1. Kontrollutvalet kan med vanleg fleirtal bestemme at det skal haldast høyring i ei kontrollsak, og kven som skal kallast inn for å møte. Høyringa skal i utgangspunktet vere open, men kontrollutvalet kan likevel med vanleg fleirtal bestemme at heile eller deler av høyringa skal vere lukka. Avgjerda om heilt eller delvis å gjennomføre høyringa for lukka dører må grunngjevast med gyldig lovheimel.
2. Kontrollutvalet må klart definere føremålet med høyringa og kva utvalet ventar å oppnå. I tillegg bør kontrollutvalet ha ein forventning om kva lærdom som kan trekkast ut av høyringa kontra bruk av andre verkemiddel.
3. Før høyringa gjennomfører kontrollutvalet særskilde saksførebuaende møte. Kontrollutvalet bør gå gjennom dei problemstillingane som ein ønskjer å belyse, med sikte på å gjere utspørjinga mest mogeleg effektiv. Utvalet må også ta stilling til kor mykje bakgrunnsinformasjon som er naudsynt å innhente for gjennomføringa. Vidare bør det fastsetjast ein framdriftsplan for høyringa.
4. Under dei saksførebuaende møta bestemmer kontrollutvalet kven som skal veljast som hovudutspørjar under høyringa, jf § 4 tredje ledd. Kontrollutvalet kan i tillegg til hovudutspørjar, også velje fleire utspørjarar blant utvalet sine medlemar. Valet av hovudutspørjarar bør skje ut frå omsynet til å få saka allsidig belyst.

§ 3. Den innkalla si stilling

1. Rådmannen har møteplikt ved innkalling til høyring. Andre tilsette i kommunen kan inviterast direkte for å møte i høyring. Rådmannen skal i slike tilfelle alltid varslast, og gjevast høve til å vere til stades. Spørsmål stillast direkte til den tilsette, men rådmannen skal gjevast høve til å supplere forklaringa om ønskjeleg.
2. Eksterne aktørar kan inviterast til å møte til høyring for å gje opplysningar.

3. Den som kallast inn / inviterast til å møte til høyring, skal varslast i så god tid som mogeleg. Innkallinga skal opplyse om den eller dei saker som kontrollutvalet ønskjer forklaring om. Kopi av dette reglement skal leggest ved. Det skal vidare opplysast om at høyringa skal vere open, og om at det skal skrivast referat. Dei som møter skal ha tilgang til kontrollutvalet sine saksdokument med mindre reglar om unnatak frå offentleg innsyn / teieplikt tilseier noko anna.
4. Dersom eit spørsmål ikkje kan svarast på utan å røpe opplysningar som er underlagt lovbestemt teieplikt, bør den innkalla gjere kontrollutvalet merksam på dette. Den innkalla kan be kontrollutvalet om å få forklare seg heilt eller delvis for lukka dører. Dersom eit slikt spørsmål kjem opp, skal kontrollutvalet avbryte høyringa, og handsame spørsmålet i lukka møte.
5. Den innkalla skal ha høve til å peike ut ein person som vedkomande møter saman med. Den innkalla har rett til å konferere med denne personen før svar på spørsmål. Dersom møteleiar gir høve til dette, kan også denne personen supplere forklaringa til den innkalla. Dersom den som møter saman med den innkalla krev honorar, må dekking av slike utgifter avklarast på førehand.

§ 4. Gjennomføring av høyringa

1. Kontrollutvalet sin leiar skal innleiingsvis orientere om temaet for høyringa og dei prosedyrar som gjeld. Leiaren ser til at spørsmåla held seg innanfor det tema som er oppgitt, og at den innkalla sin rettstryggleik vert ivareteken.
2. Før kontrollutvalet startar utspørjinga, skal den innkalla gjevast inntil 10 minutt til å gi sin versjon av saka. Leiaren kan utvide den innkalla si taletid i den grad det vert sett på som naudsynt for å opplyse saka.
3. Høyringa vert innleia med at den valde hovudutspørjar stiller sine spørsmål. Deretter får dei andre medlemene i kontrollutvalet ordet til spørsmål i den rekkefølge dei ber om dette. Etter at utspørjinga er ferdig, skal den innkalla gjevast høve til å gi ein kort sluttkommentar.
4. Meiningsutveksling mellom kontrollutvalet sine medlemar skal ikkje finne stad under høyringa. Medlemene skal heller ikkje kommentere dei svar som vert gjevne, anna enn der dette går inn som ein naturleg del av eit oppfølgingsspørsmål. Upassande eller fornærmande åtferd eller spørsmål er ikkje tillate. Dette skal påtalast av møteleiar.
5. Eit medlem av kontrollutvalet kan krevje at høyringa vert avbroten for at kontrollutvalet skal behandle den vidare framdrifta, inkludert framlegg om at høyringa skal avsluttast eller halde fram for lukka dører. Kontrollutvalet kan berre ta mot teiepliktbelagde opplysningar for lukka dører. Under open høyring må kontrollutvalet sine medlemar ikkje gjengi eller vise til opplysningar som er underlagt lov- eller instruksfesta teieplikt.

§ 5. Etterarbeid

1. Kontrollutvalet skal utarbeide rapport frå høyringa. Rådmannen skal gjevast høve til å uttale seg til rapporten, jf. kommunelova § 77 nr 6. Rådmannen sin uttale skal ligge ved rapporten.
2. Rapporten vert send over til bystyret for slutthandsaming, med innstilling frå kontrollutvalet.

Fra: Lise Mari Haugen
Sendt: 2. oktober 2015 13:15
Til: 'Krogstad, Børre'; 'Fondsforvaltning AS'; 'Carnegie Kapitalforvaltning'
Kopi: Kari Sygna; Sekom postmottak
Emne: Førde kommune - revidert finansreglement
Vedlegg: Finansreglement - revisjon.pdf; Finansreglement - revidert 2015.pdf; Kvalitetssikring.pdf

Hei

Førde Bystyre vedtok i møte 24.09.2015 revidert finansreglement.
Alle våre forvaltarar skal legge finansreglementet til grunn i si forvaltning.
Vedlagt følger saksdokument, revidert finansreglement og kvalitetssikringsdokumentasjon.

Vi ber om stadfesting på oppfølging/ korrigerings i høve revidert finansreglement.

Varslar og at det kan vere aktuelt å gjere uttak eller endre samansetting av forvaltarar.

Med vennleg helsing

> **Lise Mari Haugen**

Assisterande rådmann

Forde kommune www.forde.kommune.no <<http://www.forde.kommune.no/>>

E-post: lise.mari.haugen@forde.kommune.no

<<mailto:lise.mari.haugen@forde.kommune.no?subject=lise.mari.haugen@forde.kommune.no>>

Tlf. +47 57 61 27 04

Mob. +47 93 42 24 61



Tenk miljø før du skriv ut denne e-posten.



Førde kommune

Styre, råd og utval

Formannskapet
Bystyret

Møtedato

17.09.2015
24.09.2015

Saksnr

053/15
041/15

Sakshandsamar:

Lise Mari Haugen

Arkiv:

FE-250

Arkivsaknr.:

15/1713

Finansreglement - revisjon

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel
10.09.2015	Finansreglement - revidert 2015
09.09.2015	Kvalitetssikring

Dok.ID
177681
177630

Bakgrunn for saka:

Bystyret vedtok gjeldande finansreglement 17.06.2010.

Finansreglementet er revidert i 2015 og kvalitetssikra av uavhengig instans.

Saksutgreiing:

Reglementet utgjør ei samla oversikt over dei rammer og avgrensingar som gjeld og definerer dei avkastnings- og risikonivå som er akseptable for:

- Forvaltning av likvide midlar jamfør kap. 6 i finansreglementet
- Forvaltning av langsiktige midlar jamfør kap. 7 i finansreglementet
- Forvaltning av gjeldsportefølgje jamfør kap. 8 i finansreglementet

Nivået på langsiktige midlar (164 mill kr pr. 31.12.2014) må vurderast opp mot midlar til driftsføremål (kap. 6) og fastsettast av bystyret. I økonomiplan 2016 – 2019 er det skissert uttak på 30 – 40 mill kr av plasserte midlar for å ha tilstrekkeleg likvide midlar til driftsføremål. Rådmannen tilrår at bystyret ved handsaming av årsbudsjettet fastset nivået på langsiktige midlar.

Revidert finansreglement vidarefører dei prinsipp som ligg til grunn i gjeldande reglement.

Etter gjennomført kvalitetssikring inkludert stress-test er mål-rammene for forvaltning av langsiktige midlar justert frå 35% aksjefond til 30% aksjefond. Tilsvarende er rentefond justert frå 65% til 70%. Dette reduserer risikoen i forvaltninga men utgjør og noko redusert forventta avkastning. Maks-ramme for aksjefond er nedjustert frå 50% til 40%.

I revidert finansreglement er det og presisert rammer for forvaltning av langsiktige

midlar fordelt mellom «obligasjonsfond – norge» og «obligasjonsfond – utland». Dette som eit tiltak for å fordele risiko.

Stresstestsenarioet jamfør punkt 3 i kvalitetssikringa viser eit tap på NOK 30,2 mill kr på samla finansforvaltning for kommunen gitt maksimale risikorammer. Bufferfondet skal utgjere 10 % av plasserte midlar jamfør kap. 9 i finansreglementet det vil seie 16,4 mill kr gitt det nivået vi har på langsiktige midlar. Pr. 31.12.2014 utgjør bufferfondet 11,7 mill kr.

Rådmannen meiner dei samla risikorammene i revidert finansreglement er innanfor kommunen sin samla økonomiske evne til å bære risiko.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Bystyret vedtek finansreglement for Førde kommune datert 10.09.2015.

Handsaming i Formannskapet 17.09.2015:

Samrøystes tilråding

FORM-053/15 Vedtak:

Bystyret vedtek finansreglement for Førde kommune datert 10.09.2015

Handsaming i Bystyret 24.09.2015:

Samrøystes vedtak

BY-041/15 Vedtak:

Bystyret vedtek finansreglement for Førde kommune datert 10.09.2015

Førde, den 10.09.2015

Ole John Østenstad
Rådmann

Lise Mari Haugen
Ass. rådmann
Tlf. 57612704



Førde kommune



Kvalitetssikringsdato:	31.07.2015
Ferdigstillingsdato:	10.09.2015
Godkjent dato:	
Godkjent av:	Bystyret

Finansreglement Førde kommune



Innhald

1. Virkeområde for finansreglementet.....	3
1.1 Føremål med reglementet	3
1.2 Kven reglementet gjeld for	3
2. Heimel og gyldigheit	3
2.1 Heimel	3
2.2 Gyldigheit	3
3. Forvaltning og forvaltningstypar	3
4. Føremål for finansforvaltninga	3
5. Risikoklassar.....	4
6. Forvaltning av likvide midlar.....	5
6.1 Innskot i bank	5
6.2 Del i pengemarknadsfond	5
7. Forvaltning av langsiktige midlar	6
7.1 Grunnlag.....	6
7.2 Risikorammer	6
7.3 Etske retningsliner.....	7
8. Forvaltning av gjeldsportefølgje	8
8.1 Rammer	8
8.2 Val av låneinstrument	8
8.3 Risikoprofil.....	8
9. Bufferfond	9
10. Rapportering.....	9
11. Fullmakter.....	9
12. Rutinar for oppfølging av finansreglementet	9
13. Kvalitetssikring av reglement	9

1. Virkeområde for finansreglementet

1.1 Føremål med reglementet

Reglementet skal gje rammer og retningslinjer for korleis finansforvaltninga i Førde kommune skal skje.

1.2 Kven reglementet gjeld for

Reglementet gjeld for Førde kommune. Reglementet gjeld og for verksemder i kommunale føretak etter kommunelova kap. 11 og interkommunalt samarbeid etter kommunelova §27.

2. Heimel og gyldigheit

2.1 Heimel

Reglementet er utarbeidet på bakgrunn av:

- Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. september 1992, § 52.
- Forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning av 9. juni 2009.

2.2 Gyldigheit

Finansreglementet gjeld frå vedtaksdato og erstattar finansreglement frå 17.06.2010. Reglementet skal vedtakast av bystyret minst ein gang kvar valperiode.

3. Forvaltning og forvaltningstypar

Finansreglementet omfattar mål, strategiar og rammer for:

- Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål.
- Plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.
- Forvaltning av gjeldsportefølje og andre finansieringsavtaler.

Finansielle instrumenter og/eller produkt som ikkje er eksplisitt tillate brukt gjennom dette finansreglement, kan ikkje nyttast i kommunen si finansforvaltning.

Kommunens samla innskot i bank/kredittinstitusjon (inkl. direkte eige av verdipapir utstedt eller garantert av institusjonen) skal ikkje overstige 2 % institusjonen sin forvaltningskapital.

Forvaltningar som kommunen nyttar vil bli tilsendt kopi av dette finansreglement slik at dei vil være direkte kjent vedekne rammer og avgrensingar for finansforvaltninga i kommunen.

4. Føremål for finansforvaltninga

Finansforvaltninga skal ta vare på grunnprinsippet i kommunelova om optimal utnytting av kommunen sine ressursar, med sikte på å kunne gi eit best mogeleg tenestetilbod og gi grunnlag for å planlegge kommunen sin finansielle stilling og medverke til stabilitet.

Kommunen skal etter kommunelova forvalte sine midlar slik at

- *tilfredsstillande* avkastning kan oppnåast,
- utan *vesentleg* finansiell risiko,
- og i papir med tilfredsstillande likviditet slik at ein har midlar til utbetalingar ved forfall.

5. Risikoklassar

Plasseringar i verdipapir kan grovt delast inn i følgjande risikoklassar, der risikoklasse 1 er kjenneteikna med lågast risiko og risikoklasse 6 er kjenneteikna med høgast risiko.

Risiko-klasse 1	Obligasjonar/ sertifikat utstedt av stat eller føretak med statsgaranti innafor OECD sone A statar ¹ , samt statsobligasjonsfond
Risiko-klasse 2	Obligasjonar med fortrinnsrett, obligasjonar/ sertifikat utstedt av statsføretak, fylkeskommunar og kommunar, kraftverk med garanti frå kommune/fylkeskommune, bankar, forsikringselskap og kredittføretak, innskot i bankar. Pengemarknadsfond med låg risiko, samt obligasjonsfond som ikkje inneheld industriføretak og ansvarleg lån jf. verdipapirfonda sin bransjestandard for informasjon og klassifisering av rentefond.
Risiko-klasse 3	Obligasjonar/ sertifikat utstedt av industriføretak eller fond med tilsvarende risiko. Obligasjonar, sertifikat og innskot som inngår i risikoklasse 2 og risikoklasse 3, (anten enkeltvis eller gjennom verdipapirfond), skal minimum vere ratet «investment grade», (eller banken skal ha ein «investment grade»), dvs rentepapir med rating BBB- eller betre, av anerkjent internasjonalt eller norsk ratingselskap/ finanshus. Strukturerte produkt, (kapitalsikra obligasjonar), klassifisert normalt i denne risikoklassen grunna normalt lågare likviditet enn i ordinære obligasjonar.
Risiko-klasse 4	Eigedom, konvertible obligasjonar, ansvarlege lån, fondsobligasjonar, kombinasjonsfond, hedgefond, og high yield fond dvs. lågare kredittrating enn BBB-
Risiko-klasse 5	Aksjefond og allokeringsfond ²
Risiko-klasse 6	Eigenkapitalbevis, enkeltaksjar og private equity ³

¹ Stat i sone A: Statar innan OECD området, samt Det europeiske økonomiske fellesskap. Statar som reforhandlar den statlege utanlandsgjeld si, skal utelukkast i eit tidsrom på 5 år.

² Fond med mandat til å investere i fleire aktivaklassar

³ Investeringar i bedrifter som ikkje er på børs

6. Forvaltning av likvide midlar

Forvaltninga av kortsiktige midlar er skilt frå langsiktig forvaltning, og skal sikre at kommunen kan betale ved forfall og samstundes få tilfredsstillande avkastning, som bør vere kring pengemarknadsrenta.

Dette medfører plasseringar med låg risiko, og kort disponeringstid. Rådmannen får fullmakt til å plassere kommunen sine kortsiktige midlar i bankinnskot og i pengemarknadsfond. Alle plasseringar skal gjerast i norske kroner (NOK).

Kommunen skal inngå rammeavtale for å ivareta løpande behov for banktenester. Ved val av hovudbanksamband skal det stillast krav om minimum internasjonal kredittrating BB- eller tilsvarande kredittvurdering. Det kan gjerast avtale om trekkrettigheit (kassakreditt) på inntil 100 mill kr.

Kommunen sin driftslikviditet skal som hovudregel plasserast i kommunen sin hovudbank, så langt vilkåra ligg kring aktuelle alternativ og sikringa vert vurdert til å vere tilfredsstillande.

Ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål, utover kva som trengs til dekning av kommunen sine løpande forpliktingar dei næraste 3 månadane, kan plasserast som bankinnskot eller i pengemarknadsfond i samsvar med punkt 6.1 og 6.2.

6.1 Innskot i bank

For bankinnskot gjeld følgjande avgrensingar:

- a) Tidsbinding kan ikkje avtalast for ein periode på meir enn 6 månader
- b) Eit enkelt innskot med tidsbinding kan ikkje utgjere meir enn NOK 100 mil kr.

6.2 Del i pengemarknadsfond

For plassering i pengemarknadsfond gjeld følgjande:

- a) Midlar kan kunn plasserast i norske fond forvalta av selskap med brei verdipapirforvaltning.
- b) Det skal kunn plasserast i fond med rentefølsamheit kortare enn 12 månader.
- c) Fondet skal kunn investere i norske rentepapir, dvs. papir denominert i NOK
- d) Ingen enkeltpapir i noko pengemarknadsfond skal ha lågare kredittrating enn BBB- («investment grade»).
- e) Det skal ikkje plasserast midlar i pengemarknadsfond som inneheld industriobligasjonar, fondsobligasjonar eller ansvarleg lån
- f) Det skal ikkje vere avgrensingar på uttaksretten i fonda som vert nytta, og midlane skal alltid vere tilgjengeleg på få dagar.
- g) Samla gjennomsnittleg løpetid for kreditten i eit enkelt pengemarknadsfond skal ikkje overstige 1,5 år.

7. Forvaltning av langsiktige midlar

7.1 Grunnlag

Kommunen har sidan oktober 2000 hatt eit startbeløp på ca 70 mill kr plassert som langsiktige finansinvesteringar. Midlane er bokførde som omløpsmidlar og utgjer 164 mill kr pr. 31.12.2014. Årleg avkastning på plasserte midlar er inntektsført i driftsrekneskapen til Førde kommune, men avkastninga er framleis del av den langsiktige finansforvaltninga. Nivået på langsiktige midlar må vurderast opp mot midlar til driftsføremål (jamfør kap. 6) og fastsettast av kommunestyret.

Formålet med forvaltninga av langsiktige midlar er å søkje å oppnå avkastning som i gjennomsnitt er høgare enn eit risikofritt alternativ⁴ til akseptabel risiko. Avkastningsmål for portefølgja er over 4 % pr. år i snitt over tid. Meir kortsiktig vil avkastninga svinge noko rundt det forventa nivå. Det er oppretta bufferfond jamfør kapittel 9 i finansreglementet, for å jamne ut kortsiktige svingingar.

7.2 Risikorammer

Ei spreing av investeringane over fleire ulike aktivaklassar reduserer porteføljen sin totale risiko. Ei fordeling mellom norske og internasjonale kapitalmarknader vil også redusere porteføljen sin finansielle risiko.

Kommunen sin investeringsstrategi er utforma som ein prosentvis fordeling av midlane mellom ulike aktivaklassar og marknader, der det også er presisert kva for rammer for avvik i forhold til strategien som er akseptable:

Aktivaklasser	Behaldning			Risiko-klasse	Referanse-indeks
	MÅL	MIN	MAKS		
Rentefond	70 %	40 %	100 %	1-4	ST4X
Pengemarknadsfond	0 %	0 %	20 %	1-4	ST2X
Obligasjonsfond - norsk	50 %	30 %	70 %	1-4	ST4X
Obligasjonsfond - utland	20 %	10 %	40 %	1-4	ST4X
Aksjefond	30 %	0 %	40 %	5	
Aksjefond – norsk	10 %	0 %	15 %	5	OSEBX
Aksjefond – utland	20 %	0 %	30 %	5	MSCI
Alternative investeringar	0 %	0 %	20 %	4	ST4X

Alternative investeringar omfattar investeringar i ubelånt næringseigedom og valutasikra hedgefond. Desse bør primært berre nyttast alternativt i periodar med aukande risiko i aksjefondsportefølgja og når ordinære reinvesteringar i rentemarknaden kan ventast å ha utilfredstillande resultat. Det bør kunn vurderast diversifiserte eigeomsprosjekter som er sett saman og retta mot den profesjonelle institusjonelle marknaden.

⁴ Risikofritt alternativ - 1,57 % (10 års statsobligasjonar pr. 30.04.2015)

Valutarisiko⁵

- a) Investeringar i utanlandske obligasjonar skal skje via eigne verdipapirfond som skal vere valutasikra til NOK.
- b) Investeringar i utanlandske aksjar vert normalt ikkje valutasikra, men rådmannen får med dette fullmakt til å foreta valutasikring dersom marknadsforholda tilseier det.

Renterisiko

Følgjande rammer gjeld for gjennomsnittleg renteløpetid (kredittdurasjon og rentedurasjon) for de ulike aktivaklassar:

	Min	Strategi	Maks
Pengemarknad	0,1 år	0,5 år	1 år
Norske obligasjonar	1 år	3 år	4 år
Globale obligasjonar	2 år	4 år	6 år

Forvaltninga skal vere i verdipapirfond hos anerkjende forvaltarar som tilfredsstillar Finanstilsynets regelverk.

Prosentdelane for aktivaklassane vil variere slik at med kortare tidshorisont og svakare marknadsutsikter vil aksjedelen gå ned og rentedelen tilsvarande opp. Førde kommune legg vekt på at forvaltarar nyttar risikorammane for å tilpasse risiko og avkastning til konjunkturfasar og andre vesentlege risikotilhøve som ein må vente kan føresjåast av fagfolk. Som hovudtiltak bør statsobligasjonar/fond vurderast som auka motvekt til aksjefond i periodar med aukande risiko, som t.d. ved konjunktursyklusskifte.

Aktivaklassen norske og utanlandske obligasjonsfond skal bestå av fond kor enkeltpapira i fonda i hovudsak skal ha rating tilsvarande investment grade (BBB- eller betre). Det vert opna for at kommunen kan investere i fond som også investerer i papir med en kredittrating som er lågare enn "investment grade". Denne andelen skal være maksimalt 10 % i kvart fond.

Det skal veljast breie og diversifiserte aksjefond med god og lang historikk der ein kan vise til meiravkastning over tid og til høg kvalitet på underliggende aksjar, slik at også likviditeten i fondet er god. Risikoen i fondet målt ved standardavviket, må ikkje avvike vesentleg frå det som gjeld for den underliggende marknaden. Det er og åpning for å nytte indeksfond.

7.3 Etiske retningslinjer

Dei etiske retningslinjene som til ein kvar tid er gjeldande for [Statens Pensjonsfond Utland](#), skal vere retningsgjevande for Førde kommune sin etiske handtering av kapitalforvaltninga.

⁵ Valutarisiko representerer risikoen for tap på grunn av kurssvingingar i valutamarknaden

8. Forvaltning av gjeldsportefølgje

8.1 Rammer

Låneopptak og fastsetting av avdragstid vert føreteke i tråd med kommunelova §50, til ein kvar tid gjeldande finansreglement i Førde kommune og i samsvar med reglane om offentlege anskaffingar. Dette reglementet gjeld og ved refinansiering av gamal lånegjeld. Bystyret fastset størrelse på låneopptak ved årleg budsjettbehandling.

8.2 Val av låneinstrument

- Det kan berre takast opp lån i norske kroner.
- Lån kan takast opp som direkte lån i offentlege og private finansinstitusjonar og livselskap.
- Lån kan takast opp som opne seriar (rammelån) og utan avdrag (bulletlån),
- Det er og adgang til å legge ut lån i sertifikat og obligasjonsmarknaden
- Finansiering kan og skje gjennom finansiell leasing.

8.3 Risikoprofil

For å oppnå ein risikonøytral samansetning av låneporteføljjen skal følgjande omsyn leggest til grunn:

- a) Refinansieringsrisikoen⁶ skal reduserast ved å spreie tidspunkt for renteregulering/forfall
- b) Gjennomsnittleg attståande rentebinding (durasjon⁷) på lånegjeld skal til ein kvar tid vere mellom 1 og 4 år
- c) Lån med fast rente kan liggje mellom 0 – 50% av den renteberande låneporteføljjen

For å oppnå ønska rentebinding, er det høve ti å ta i bruk framtidige renteavtaler (FRÅ) og rentebytteavtaler (SWAP). Rentesikringsinstrumenta kan nyttast i den hensikt å endre renteeksponeringa for kommunen si låneportefølgje. Føresetnaden for å gå inn i slike kontrakter skal vere at ei totalvurdering av renteforventingar og risikoprofil på eit gitt tidspunkt tilseier at slik endring er ynskjeleg.

Det er ikkje tillat å lausrive derivat⁸handelen frå den resterande finansforvaltninga, og avgrensingar under punkt b) skal inkludere FRÅ- og SWAP-kontrakter. Føremålet bak kvar derivatkontrakt skal dokumenterast. Det skal kunn nyttast større bankar som motpart ved slike kontrakter.

⁶ Risikoen for at ein ikkje får teke opp nytt lån når eit lån forfell

⁷ Berekna gjennomsnittleg løpetid for kontantstrøm fram til neste rentereguleringsdato

⁸ Avtale om ein framtidig finansiell transaksjon til ein pris som er avtalt i dag

9. Bufferfond

Kommunen skal ha eit bufferfond som utgjer 10 % av plasserte midlar. Fondet har som funksjon å kunne møte situasjonar med negativt resultat ut frå svingingar ein veit kjem på finansinvesteringar.

10. Rapportering

Rådmannen skal ved tertialrapporteringar pr. 30. april og 31. august, rapportere til bystyret status for plasseringar og gjeldsforvaltninga. I tillegg skal rådmannen ved årsslutt rapportere til bystyret utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapporteringa informerer om:

- resultatet og risiko av finansforvaltninga mot referansar, med historikk for dei ulike aktiva og passiva klassane, slik dette er regulert i forskrifta
- kontrollen av at disponeringane går etter retningslinene

11. Fullmakter

Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre forvaltninga innan rammene i regelverket m.a. til

- å velje finansinstitusjon, forvaltar, forvaltningsform, plasseringsvilkår, tid, volum og samansetning av plasseringar
- å tildele låneinstitusjon, eventuell ekstern forvaltar og velje lånetype, avdragstid, rentevilkår og avtaler og teikne for kommunen på gjeldsbrev til trygd for slike lån.; for innlån, refinansiering, samanslåing og forvaltning av lån.

12. Rutinar for oppfølging av finansreglementet

Det skal etablerast administrative rutinar som syter for at finansforvaltning er gjenstand for trygg kontroll og at utøvinga skjer i tråd med finansreglement og gjeldande lover og forskrift.

Kommunen må ha eigenkompetanse til å utøve finansreglementet sitt innhald.

Ved konstatering av avvik mellom regelverk og gjennomføring av finansforvaltninga skal slikt avvik rapporterast og rettast utan ugrunna opphald.

13. Kvalitetssikring av reglement

Finansforskrifta pålegg bystyret å la uavhengig part med kompetanse om finansiell risiko vurdere kommunens reglement for finansforvaltning. Dette er gjennomført.

Kvalitetssikring

TIL: Førde kommune
FRA: Jan Petter Jørgensen
DATO: 31.07.15

Kvalitetssikring av Førde kommunes finansreglement

1. Innledning

I forskrift nr 635 av 9. juni 2009 (Finansforskriften) sier § 5 at kommunestyret skal påse at uavhengig instans med kunnskap om finansforvaltning vurderer om finansreglementet legger rammer for en finansforvaltning som er i tråd med kommunelovens regler og reglene i Finansforskriften. Slik vurdering skal skje før reglementet vedtas i kommunestyret.

Det foreliggende utkast til finansreglement for Førde kommune mottatt 27.07.15 (Reglementet) er gjennomgått av uavhengig kompetanse i basert på Finansforskriftens § 5 med tanke på *forholdet til lover og regler, forholdet til effektiv og rasjonell drift og forholdet til pålitelig kontroll/rapportering.*

Rutiner som er etablert i henhold til Finansforskriftens § 8 (rutiner for finansforvaltningen) er *ikke* vurdert i dette notatet.

2. Forholdet til lover og regler

Gjennom lov, Finansforskrift og Reglement legges det opp til at de folkevalgte både skal forstå omfanget av og ta ansvaret for risikoen involvert i finansforvaltningen. Det må være opp til administrasjonen å påse at den finansielle risiko som det legges opp til i Reglementet, er i overensstemmelse med kommunestyrets "forståelsesnivå" og risikoønske.

Kommunelovens § 52 sier uttrykkelig at kommunestyret selv skal gi regler for finansforvaltningen og at kommunen skal forvalte sine midler slik at tilfredsstillende avkastning kan oppnås uten at det innebærer vesentlig finansiell risiko, og under hensyn til at kommunen skal ha midler til å dekke sine betalingsforpliktelser ved forfall.

Finansforskriften gir en del krav og retningslinjer som kan betraktes som nødvendige (men nødvendigvis ikke tilstrekkelige) for utarbeidelse av et effektivt finansreglement.

Det er vår oppfatning at Finansreglement for Førde kommune isolert sett møter disse krav og retningslinjer slik at forholdet til lover og regler skal være ivaretatt.

Endelig vurdering av kommunens Reglement må imidlertid sees i sammenheng med kommunens økonomiske evne til å bære risiko.

3. Stresstest

Stresstesten under tar utgangspunkt i de maksimale risikorammene i foreliggende finansreglement og angir et potensielt tap i løpet av en 12 måneders periode. Det er forsøkt tatt hensyn til hvor mye av kommunens renterisiko som på kort sikt kan føres over til andre gjennom eventuelle rentekompensasjons-/renterefusjons-ordninger.

Stresstesten er en test i forhold til regnskapsmessig resultat. Sett opp mot kommunale regnskapsprinsipper (hvor finansielle omløpsmidler skal vurderes til markedsverdi, mens gjeldssiden skal vurderes til pålydende), betyr dette at aktiva med rentedurasjon får et verdifall ved stigning i markedsrenten, mens gjeld med fast rente ikke får noen tilsvarende (regnskapsmessig) verdiøkning.

Stresstest Førde kommune					
Aktiva	Balanse %	Balanse MNOK	Endrings parameter	Durasjon	Beregnet tap
Gjeld med p.t./flytende rente	50,0 %	663	2 %		-13,3
Gjeld med fast rente	50,0 %	663			
Samlet buttogjeld	100 %	1 325			-13,3
Lån m. renteoverv.m./ansvarlig utlån		365	2 %		7,3
Bankinnskudd og pm.	100 %	135	2 %		2,7
Obligasjonsfond			2 %		0,0
Ledig likv. og andre midler b. for driftsform.	0 %	135	2 %		2,7
Kort pengem.	0 %	0	2 %	1,0	0,0
Anleggsobligasjoner		0	2 %		0,0
N. omløpsobligasjoner	20 %	33	2 %	4,0	-2,6
U. omløpsobligasjoner	40 %	66	2 %	6,0	-7,9
Fast eiendom	0 %	0	-10 %		0,0
Hedge fond	0 %	0	-20 %		0,0
Norske aksjer	10 %	16	-30 %		-4,9
Utenl. aksjer	30 %	49	-20 %		-9,9
Netto valutaposisjon	30 %	49	-10 %		-4,9
Langsiktige finansielle aktiva	100 %	164			-30,2
Samlete finansielle aktiva		299			

Stresstestscenarioet viser et tap på NOK 30,2 mill. på kommunens samlede finansforvaltning ved utnyttelsen av maksimale risikorammer. Klarer kommunen å håndtere et slikt "worst case" tap uten at det går utover den ordinære tjenesteproduksjonen, eller er det fare for at man utsetter seg for *vesentlig finansiell risiko* gjennom de tillatte risikorammer? Dette er et spørsmål som kommunestyret selv må ta stilling til før finansreglementet vedtas.

4. Avsluttende kommentar

Et viktig prinsipp i styrings-/ansvarsforholdet mellom stat og kommune ligger i kommunenes autonomi. Det vil si at de har anledning til å foreta en hvilken som helst disposisjon som de gjennom lov eller forskrift ikke er forhindret fra. Dette gjelder også for finansforvaltningen.

I tillegg er det et viktig prinsipp i kommuneloven og Finansforskriften at kommuner/fylkeskommuner skal unngå vesentlig finansiell risiko. Departementet har imidlertid ikke funnet det hensiktsmessig å konkretisere hva som er vesentlig finansiell risiko. Det betyr at kommunestyret selv må fastsette hvor stor risiko kommunen er villig til å påta seg.

I og med at vesentlig finansiell risiko vil kunne gå utover innbyggernes velferd, leder det til at finansiell risiko må "måles" i forhold til mulig velferdstap forårsaket av finansforvaltningen.

Den finansielle risiko som en kommune vil være i stand til å ta innenfor lov og forskrift, er derfor avhengig av kommunens samlede økonomiske situasjon.

Det er vår oppfatning at Finansreglement for Førde kommune legger rammer for en finansforvaltning som er i tråd med kommunelovens regler og rammer og retningslinjer i Finansforskriften.

Endelig vurdering av Reglements samlede risikorammer må imidlertid kommunestyret gjøre selv og vurdere disse opp mot kommunens økonomiske evne til å bære risiko.

31.07.15

Jan I. Jørgensen

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 23.10.2015	Saksnr 036/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 15/453
---	-------------------------	-------------------------------

Opplæring av nytt kontrollutval

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
07.10.2015	Brev datert 14.9.2015 Informasjon i samband med val av kontrollutval for perioden 2015-2019	3379
07.10.2015	Reglement for kontrollutvalet	3380
07.10.2015	Reglement for høyringar i Førde kontrollutval	3381

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Førde kontrollutval tek gjennomgang/opplæring frå SEKOM-sekretariat til orientering.

.

Saksutgreiing:

SEKOM-sekretariat sende brev til «våre» 15 kommunar 14.9.2015 med informasjon i samband med val av kontrollutval for perioden 2015-2019. Det var det m.a. teke med at det var viktig at kontrollutvalet får delta på folkevaldopplæringa i kommunen, og at det kan gje godt grunnlag for samhandling mellom bystyret og kontrollutvalet. Vi var etter konstituering og val av kontrollutval, i kontakt med rådmannen, og han stilte seg positiv til å invitere kontrollutvalet til folkevaldopplæringa.

Sogn og Fjordane kommunerevisorforening vil 25. januar 2016 halde opplæring for alle kontrollutvala i fylket på Skei hotell. SEKOM-sekretariat vil oppmode medlemene i kontrollutvalet til å delta på fylkeskonferansen, som vil vere særskilt retta mot kontrollutvalet sine oppgåver og ansvar.

Kvart år held Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) fagkonferanse der målgruppa er kontrollutvala og sekretariata til kontrollutvalet. I 2016 vert FKT sin fagkonferanse 7.-8. juni på Thon Hotel Oslo Airport. Kontrollutvalet er medlem i FKT, og får såleis noko redusert pris på konferansen.

Norsk Kommunerevisorforbund (NKRF) arrangerer ein tilsvarande Kontrollutvalskonferanse 3.- 4. februar 2016 på Gardermoen.

Kommunal- og Regionaldepartementet ga i 2011 ut kontrollutvalsboka, som er ein rettleiar om rolla og oppgåvene til kontrollutvalet. Kontrollutvalsboka er under revidering, og når oppdatert versjon er ferdig, vert den delt ut til kontrollutvalsmedlemene. Her er lenkje til [kontrollutvalsboka](#)

SEKOM-sekretariat har eiga heimeside, der du finn alle innkallingar og møtebøker til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område. Der ligg også sentrale lover, forskrifter, retningslinjer, publikasjonar og nyttige lenkjer. Her er lenkje til [heimesida](#)

I det første møte for det nye kontrollutvalet, ser vi føre oss ein presentasjon av medlemene i utvalet, deretter vil SEKOM-sekretariat sine to tilsette presentere seg. Vidare vil leiaren i SEKOM-sekretariat ta ei kort orientering/opplæring i høve møterutinar, oppgåvene og ansvaret til kontrollutvalet.

Revisjonsselskapet vert invitert til å presentere aktuelle revisorar innan rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon, som vil ha kontakt med kontrollutvalet.

SEKOM-sekretariat legg opp til at ordførar og rådmann vert invitert til neste møte i kontrollutvalet. Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet, og det kan vere nyttig at ordførar og kontrollutval tidleg i perioden klargjer kva forventningar ein har til ordføraren si deltaking på kontrollutvalsmøta, og korleis de kan utveksle informasjon og oppdatere kvarande på aktuelle saker. Rådmannen vert innkalla i konkrete saker, der han møter personleg, eller at andre møter på rådmannen sine vegner. SEKOM-sekretariat rår til at kontrollutvalet drøftar og avklarar forventningar om møtedeltaking med rådmann i starten av valperioden.

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Førde kommune v/ordfører og rådmann
Postboks 338
6802 FØRDE

Dato: 14.09.2015
Vår referanse: 15/1493
Arkiv: FE-033

Informasjon i samband med val av kontrollutval for perioden 2015-2019

I samband kommunevalet vil SEKOM-sekretariat kome med informasjon og nokre tilrådingar for val av nytt kontrollutval i kommunen.

Val av kontrollutval

Kontrollutvalet er eit lovfesta utval som skal veljast i konstituerande kommunestyremøte etter val av formannskap jfr. kommunelova § 17 punkt 2. Minst eitt av medlemane i kontrollutvalet skal vere medlem i kommunestyret. SEKOM-sekretariat ser det som ein fordel at leiar i kontrollutvalet er medlem i kommunestyret.

Førde kontrollutval har 5 medlemar, og 5 personlege varamedlemar. Vi meiner at Førde kommune bør vurdere felles varaliste for kontrollutvalet, då dette gjer utvalet mindre sårbart ved forfall enn ved personlege varamedlemer.

Sjå meir om val av kontrollutval i vedlagde informasjon frå FKT og NKRF.

Opplæring

SEKOM-sekretariat meiner at det er viktig at kontrollutvalet får delta på folkevaldopplæringa i kommunen, og det kan gje godt grunnlag for samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet.

Nettbrett

Førde kontrollutval brukar nettbrett til lesing av sakspapir. Vi ser det som naturleg at det nye kontrollutvalet får tildelt nettbrett, og at dei vert gitt opplæring på lik line med andre folkevalde i kommunen.

Ordføraren sin møterett

Ordføraren har møte- og talerett i kontrollutvalet jfr. kommunelova § 9 nr. 4. Det kan vere nyttig at ordfører og kontrollutvalet tidleg i perioden klargjer kva forventningar ein har til ordføraren si deltaking på kontrollutvalsmøta, og korleis dei kan utveksle informasjon og oppdatere kvarandre på aktuelle saker.

Kontrollutvalssekretariat for 15 kommunar i Nordfjord, Sunnfjord og Ytre Sogn:

Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse: Hafstadvegen 42, 6800 Førde

Besøksadresse: Førde rådhus, 3. etasje

Org.nr: 987 631 554

Bankkonto: 3705.08.32571

Presentasjon av SEKOM-sekretariat

SEKOM-sekretariat vil gjerne få høve til å komme på eit kommunestyremøte og presentere selskapet og utvalsfunksjonen, då vi trur det kan vere nyttig informasjon. Vi ser føre oss at det kan bli våren 2016, og vil ta nærare kontakt med ordførar og rådmann for å avtale tid.

SEKOM-sekretariat viser elles til reglement for Førde kontrollutval vedteke av bystyret 29.9.2011. De finn også informasjon på vår heimeside www.sekom.no

Lukke til med val av kontrollutval for perioden 2015-2019.

Med helsing

Audhild Ragni Vie Alme
Rådgjevar
Tlf 57 61 27 85 / 971 70 064
arva@sekom.no

Reglement for kontrollutvalet i Førde kommune

Lov av 25. september 1002 nr. 107 om kommunar og kommunar (Kommunelova) i tillegg til "Forskrift om revisjon" og "Forskrift om kontrollutval" fastsett av kommunaldepartementet den 15. juni 2004 med heimel i nemnde lov er bindande og gjeld i sin heilskap.

§ 1 Kontrollutvalet sitt føremål

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av bystyret, irekna å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Utvalet skal gjennom sitt arbeid sørge for at innbyggjarane og andre interessentar har tillit til Førde kommune, og at kommunen leverer sine tenester og utfører sitt mynde effektivt og målretta i samsvar med lov, forskrift og andre reglar samt bystyret sine føresetnader og vedtak. Utvalet skal framstå som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Det er berre bystyret som kan pålegge kontrollutvalet oppgåver utanom dei oppgåvene som er lovfesta.

§ 2 Val – samansetjing

Kontrollutvalet skal ha 5 medlemmer. Kvar av medlemene skal ha ein vararepresentant. Minst ein av medlemane skal veljast blant bystyret sine medlemar. Dei andre medlemane vert valde på fritt grunnlag.

Leiar og nestleiar vert valde på fritt grunnlag.

Leiaren bør veljast frå eit av partia/gruppene i bystyret som ikkje har ordførar.

Kontrollutvalet skal veljast som første utval etter val av formannskap, ordførar og varaordførar.

Ved val av medlemmer og varamedlemmer skal omsynet til representativitet i bystyret særleg ivaretakast. Det bør vidare leggast vekt på å få medlemmer og varamedlemmer med god erfaring frå arbeidet som folkevald. Om mogeleg bør omsynet til kontinuitet blant medlemmane i kontrollutvalet ha merksemd ved valet.

Utelukka frå val er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av formannskapet, medlem av kommunal nemnd/utval med mynde til å ta avgjersle på kommunen sine vegne og tilsette i kommunen. Det same gjeld den som leiar eller har leiande stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for eit selskap mv. som kan vere gjenstand for selskapskontroll, jfr. kommunelova § 77 nr. 5.

Utover dette gjeld kommunelova sine reglar om val av faste utval.

Valretten ligg til bystyret.

§ 3 Kontrollutvalet sine oppgåver - Arbeidsområde og saksgang

Kontrollutvalet sine oppgåver er gitt i kommunelova kap. 12 forskrift om kontrollutval og forskrift om revisjon. Bystyret kan be utvalet utføre særskilte tilsynsoppgåver på sine vegne.

Kontrollutvalet skal i følge kommunelova sørge for at følgende oppgaver vert utført:

- Rekneskapsrevisjon, sjå til at rekneskapa vert revidert på ein trygg måte, gje fråsegn til årsrekneskapan for kommunen og sjå til at revisor og bystyret sine merknader vert fylgt opp.
- Forvaltningsrevisjon, som er systematiske vurderingar av kommunen sin økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå bystyret sine vedtak og føresetnader. Kontrollutvalet skal utarbeide plan for forvaltningsrevisjon, som skal leggest fram for bystyret. Utvalet skal rapportere resultatene av gjennomførte forvaltningsrevisjonar til bystyret.
- Selskapskontroll, som inneber å føre kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap. Kontrollutvalet utarbeider plan for selskapskontroll. Vidare skal utvalet sørge for å få gjennomført selskapskontrollar i samsvar med planen, og rapporterer til bystyret om gjennomførte selskapskontrollar.
- Granskingar eller undersøkingar. Kontrollutvalet kan på eige initiativ eller etter vedtak i bystyret foreta granskingar eller undersøkingar av kommunen si verksemd.

Kontrollutvalet skal, innan utgangen av året etter nytt utval er på plass, legge fram Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for selskapskontroll til bystyret. Det er bystyret som vedtek desse planane.

Kontrollutvalet skal vedta årsmelding for eiga verksemd. Årsmeldinga vert lagt fram for bystyret.

Bystyret skal sørge for at kontrollutvalet har eit ressursgrunnlag som er tilpassa utvalet sine oppgaver og ansvarsområde. Kontrollutvalet gir tilråding om budsjett for drift av kontrollutvalet. Denne tilrådinga vert av formannskapet vurdert innarbeidd i formannskapet sitt samla framlegg til budsjett. Tilrådinga frå kontrollutvalet skal følge budsjettsaka til bystyret.

Kontrollutvalet har fullmakt til å omfordele budsjettet mellom tenester/ansvar.

§ 4 Møte og sakshandsaming i kontrollutvalet – Saksgang

Ordinære møte vert avvikla i samsvar med fastsett møteplan for kontrollutvalet. Kontrollutvalet sine møte er opne. Lukking av møta må skje etter gjeldande lovverk.

Møteinnkalling vert sendt ut ei veke før møte til medlemmane i utvalet, med kopi til ordførar, rådmann, revisor og varamedlemer. Innkallinga vert i tillegg lagt ut på heimesida til kommunen.

Møta vert i utgangspunktet avvikla på kommunehuset, men kan leggest til andre stader når kontrollutvalet finn dette formålstenleg.

Kontrollutvalet gjer alle sine vedtak i møte. Det vert ført protokoll frå møta i utvalet. Protokollen vert godkjent i møtet. Protokollen vert sendt utvalsmedlemmane, varamedlemmane, revisor, ordførar og rådmann i etterkant av møta på e-post. Protokollen vert lagt ut på heimesida til kommunen.

Melding om vedtak i kontrollutvalet vert sendt til rett instans i etterkant av møta.

Utvalet kan avvikle ekstraordinære møte når det er behov for det. Leiaren tek avgjerd om ekstraordinært møte skal gjennomførast.

Innkalling til ekstraordinære møte kan skje med kortare, men høveleg varsel enn for ordinære møte.

I særlege tilfelle kan utvalet gjennomføre kontrollutvalsmøtet som videokonferanse , telefonmøte eller på liknande måte, men det må sikrast at sakene får ein forsvarleg handsaming og at omsynet til ope møte kan ivaretakast.

Rådmannen eller tilsett i kommunen kan kallast inn til møte i kontrollutvalet for å svare på spørsmål om faktiske forhold eller klargjere eit saksforhold. Rådmannen skal alltid orienterast dersom tilsette vert kalla inn til utvalet.

Kontrollutvalet eller einskildmedlemmar av utvalet kan delta i andre møte, studiereiser, synfaringar, konferansar og samlingar m.v som eit ledd i tilsynsansvaret, og få dekning av tapt arbeidsforteneste, reiseutgifter m.v etter kommunen sine reglar for slik deltaking. Kontrollutvalet fastset sjølv omfanget innanfor eige budsjett.

§ 5 Møte- og talerett

Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Ansvarleg revisor, eller den han peikar ut, har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Kontrollutvalsleiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i bystyret i samband med handsaming av saker lagt fram av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har høve til å møte i representantskapsmøte og generalforsamlingar til selskap som er 100% kommunalt eigde og som Førde kommune eig eller er medeigar i. Kontrollutvalet har ikkje talerett i desse møta.

§ 6 Sekretariat

Kontrollutvalet skal ha ei eiga sekretariatsordning som er tilpassa utvalet sitt behov. Sekretariatet skal ha kompetanse til å støtte kontrollutvalet på alle funksjonsområda til utvalet.

Sekretariatsfunksjonen kan ikkje leggest til kommunen sin administrasjon. Den som utfører revisjonsoppgåver for kommunen kan ikkje utøve sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet. Det same gjeld medlemmar av kontrollutvalet eller bystyret.

Tilsette i sekretariatet skal vere uavhengig av administrasjonen i kommunen og uavhengig til kommunen sine revisorar.

Bystyret fastset kva sekretariatsordning kontrollutvalet skal ha etter tilråding frå kontrollutvalet.

Sekretariatet sine oppgåver

Sekretariatet skal sjå til at dei saker som skal handsamast av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd og gjev tilråding til utvalet i sakene.

Sekretariatet sørgjer for at innkalling og føring av møtebok i samband med møta i kontrollutvalet.

Sekretariatet skal sjå til at kontrollutvalet sine vedtak, og bystyret sine vedtak i saker som kontrollutvalet fremjar for bystyret, vert effektuerte.

Sekretariatet skal følge opp at saker som gjeld kontrollutvalet sitt ansvar og sine oppgaver etter lov og forskrift vert ivareteke og forsvarleg løyste. Kontrollutvalet kan leggje andre arbeidsoppgaver til sekretariatet i den grad lov eller forskrift ikkje er til hinder for dette.

Sekretariatet har fullmakt til å ta avgjerd i samråd med leiar i saker som er kurante der det haster med ei avgjerd med melding til utvalet i neste møte.

Sekretariatet kan, i samråd med leiar, tinge ekstraordinære kontrollhandlingar når det haster å få sett i gang kontrollen.

Sekretariatet kan, i samråd med leiar, kalle inn til ekstraordinært møte i kontrollutvalet når dette er naudsynt.

§ 7 Revisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet skal kunne evaluere revisjonsordninga og tilpasse denne til lovmessige krav og bystyret sitt tilsynsbehov.

Kontrollutvalet legg opp til revisjonsordning tilpassa bystyret sitt tilsynsbehov. Bystyret vedtek revisjonsordning og val av revisor etter tilråding frå kontrollutvalet.

Vedteke av Førde bystyre 29.09.2011.

Vedteke i Bystyret 24.9.2015 BY-038/15

Dato: 10.06.2015

Vår referanse: 15/691

Arkiv: FE-033

Reglement for høyringar i Førde kontrollutval

§ 1. Verkeområde og føremål

1. Kontrollutvalet kan halde høyringar innan sitt ansvarsområde. Med høyring vert meint eit møte i kontrollutvalet der ein mottar munnlege forklaringar frå personar som er bedne om å møte for å få belyst ei spesiell sak eller eit saksområde.
2. Føremålet med reglementet er å sikre kontrollutvalet og bystyret sitt informasjonsbehov i kontroll saker og ei god framdrift i høyringa, samtidig som omsynet til dei innkalla sin rettstryggleik vert ivareteken.
3. Kontrollutvalet sine høyringar skal haldast i tråd med dette reglementet.

§ 2. Førebuing av høyring

1. Kontrollutvalet kan med vanleg fleirtal bestemme at det skal haldast høyring i ei kontrollsak, og kven som skal kallast inn for å møte. Høyringa skal i utgangspunktet vere open, men kontrollutvalet kan likevel med vanleg fleirtal bestemme at heile eller deler av høyringa skal vere lukka. Avgjerda om heilt eller delvis å gjennomføre høyringa for lukka dører må grunngjevast med gyldig lovheimel.
2. Kontrollutvalet må klart definere føremålet med høyringa og kva utvalet ventar å oppnå. I tillegg bør kontrollutvalet ha ein forventing om kva lærdom som kan trekkast ut av høyringa kontra bruk av andre verkemiddel.
3. Før høyringa gjennomfører kontrollutvalet særskilde saksførebuaende møte. Kontrollutvalet bør gå gjennom dei problemstillingane som ein ønskjer å belyse, med sikte på å gjere utspørjinga mest mogeleg effektiv. Utvalet må også ta stilling til kor mykje bakgrunnsinformasjon som er naudsynt å innhente for gjennomføringa. Vidare bør det fastsetjast ein framdriftsplan for høyringa.
4. Under dei saksførebuaende møta bestemmer kontrollutvalet kven som skal veljast som hovudutspørjar under høyringa, jf § 4 tredje ledd. Kontrollutvalet kan i tillegg til hovudutspørjar, også velje fleire utspørjarar blant utvalet sine medlemar. Valet av hovudutspørjarar bør skje ut frå omsynet til å få saka allsidig belyst.

§ 3. Den innkalla si stilling

1. Rådmannen har møteplikt ved innkalling til høyring. Andre tilsette i kommunen kan inviterast direkte for å møte i høyring. Rådmannen skal i slike tilfelle alltid varslast, og gjevast høve til å vere til stades. Spørsmål stillast direkte til den tilsette, men rådmannen skal gjevast høve til å supplere forklaringa om ønskjeleg.
2. Eksterne aktørar kan inviterast til å møte til høyring for å gje opplysningar.

3. Den som kallast inn / inviterast til å møte til høyring, skal varslast i så god tid som mogeleg. Innkallinga skal opplyse om den eller dei saker som kontrollutvalet ønskjer forklaring om. Kopi av dette reglement skal leggest ved. Det skal vidare opplysast om at høyringa skal vere open, og om at det skal skrivast referat. Dei som møter skal ha tilgang til kontrollutvalet sine saksdokument med mindre reglar om unnatak frå offentleg innsyn / teieplikt tilseier noko anna.
4. Dersom eit spørsmål ikkje kan svarast på utan å røpe opplysningar som er underlagt lovbestemt teieplikt, bør den innkalla gjere kontrollutvalet merksam på dette. Den innkalla kan be kontrollutvalet om å få forklare seg heilt eller delvis for lukka dører. Dersom eit slikt spørsmål kjem opp, skal kontrollutvalet avbryte høyringa, og handsame spørsmålet i lukka møte.
5. Den innkalla skal ha høve til å peike ut ein person som vedkomande møter saman med. Den innkalla har rett til å konferere med denne personen før svar på spørsmål. Dersom møteleiar gir høve til dette, kan også denne personen supplere forklaringa til den innkalla. Dersom den som møter saman med den innkalla krev honorar, må dekking av slike utgifter avklarast på førehand.

§ 4. Gjennomføring av høyringa

1. Kontrollutvalet sin leiar skal innleiingsvis orientere om temaet for høyringa og dei prosedyrar som gjeld. Leiaren ser til at spørsmåla held seg innanfor det tema som er oppgitt, og at den innkalla sin rettstryggleik vert ivareteken.
2. Før kontrollutvalet startar utspørjinga, skal den innkalla gjevast inntil 10 minutt til å gi sin versjon av saka. Leiaren kan utvide den innkalla si taletid i den grad det vert sett på som naudsynt for å opplyse saka.
3. Høyringa vert innleia med at den valde hovudutspørjar stiller sine spørsmål. Deretter får dei andre medlemene i kontrollutvalet ordet til spørsmål i den rekkefølge dei ber om dette. Etter at utspørjinga er ferdig, skal den innkalla gjevast høve til å gi ein kort sluttkommentar.
4. Meiningsutveksling mellom kontrollutvalet sine medlemar skal ikkje finne stad under høyringa. Medlemene skal heller ikkje kommentere dei svar som vert gjevne, anna enn der dette går inn som ein naturleg del av eit oppfølgingsspørsmål. Upassande eller fornærmande åtferd eller spørsmål er ikkje tillate. Dette skal påtalast av møteleiar.
5. Eit medlem av kontrollutvalet kan krevje at høyringa vert avbroten for at kontrollutvalet skal behandle den vidare framdrifta, inkludert framlegg om at høyringa skal avsluttast eller halde fram for lukka dører. Kontrollutvalet kan berre ta mot teiepliktbelagde opplysningar for lukka dører. Under open høyring må kontrollutvalet sine medlemar ikkje gjengi eller vise til opplysningar som er underlagt lov- eller instruksfesta teieplikt.

§ 5. Etterarbeid

1. Kontrollutvalet skal utarbeide rapport frå høyringa. Rådmannen skal gjevast høve til å uttale seg til rapporten, jf. kommunelova § 77 nr 6. Rådmannen sin uttale skal ligge ved rapporten.
2. Rapporten vert send over til bystyret for slutthandsaming, med innstilling frå kontrollutvalet.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 23.10.2015	Saksnr 037/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-216	Arkivsaknr.: 15/406
---	-------------------------	-------------------------------

Prosjektrekneskap Elvevegen og Meierikvartalet - opprusting

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
14.10.2015	KRYSS Revisjon, revisoruttale datert 13.10.2015 for prosjekt Elvevegen og Meierikvartalet - opprusting	3393
14.10.2015	Rådmannen si saksutgreiing datert 06.10.2015	3394
14.10.2015	Prosjektrekneskap datert 05.10.2015	3395
14.10.2015	KRYSS Revisjon, revisoruttale datert 07.11.2014	3396
15.10.2015	Rutine prosjektrekneskap Førde kommune	3398

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Kontrollutvalet viser til revisjonsuttale frå KRYSS Revisjon datert 13.10.2015 for prosjekt Elvevegen og Meierikvartalet - opprusting, og rådmannen si saksutgreiing datert 6.10.2015.

Kontrollutvalet tilrår at prosjektrekneskapen datert 5.10.2015 for Meierikvartalet vert godkjent slik den ligg føre.

.

Saksutgreiing:

Rådmannen informerte kontrollutvalet om prosjektrekneskap og refusjon for Meierikvartalet i møte 15.9.2015, sak 030/15. Dette var før endeleg prosjektrekneskap var ferdig.

Det ligg no føre prosjektrekneskap og saksutgreiing frå rådmannen for prosjektet Elvevegen og Meierikvartalet - opprusting. Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt over kr 10 millionar gje uttale til sluttrapporten og prosjektrekneskapen, jamfør Økonomireglement for Førde kommune pkt. 8 Prosjektrekneskap, og rutine for prosjektrekneskap.

Revisjonsuttalen frå KRYSS Revisjon datert 13.10.2015 stadfestar tal-delen i prosjektrekneskapen.

Prosjektrekneskapen viser ein samla utgiftsført kostnad på kr 25.709.586, som inkluderer kr 3.516.217 i momskompensasjon. Prosjektet er budsjettetert med ei råde på kr 23,6 mill.

Rådmannen har kome med tilråding til korleis manglande finansiering på kr 2.258.844 skal dekkast. Bystyret gjer endeleg vedtak om prosjektrekneskapen, og korleis meirforbruket skal dekkast.

SEKOM-sekretariat viser til prosjektrekneskap, rådmannen si saksutgreiing og revisoruttale, og vurderer det slik at kontrollutvalet kan godkjenne prosjektrekneskapen slik han ligg føre, under føresetnad av at meirforbruket vert dekkja i samsvar med regelverket.

KRYSS Revisjon

Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Dagleg leiar/
Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Førde kommune
v/ rådmann
6800 Førde

Dykkar ref.: Vår ref.: Arkivkode: Journalnr.: Dokumentdato:
Finv.prosj. Førde 15 216 050/2015 13.10.2015

Revisoruttale – Prosjekt «Elvevegen og Meierikvartalet – opprusting».

Periode 2010 – 2014.

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord, KRYSS revisjon, har fått førelagt materiell som vedkjem ovannemnde prosjekt. Vi har utført revisjon i henhold til god revisjonsskikk i Norge, herunder revisjonsstandardar vedtekne av Den norske Revisorforening, og gjev vår uttale i samsvar med ISA 805 «Særlige hensyn ved revisjon av separate rekneskapsoppstillingar og spesifikke element, konto eller poster i ei rekneskapsoppstilling». Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og utfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at oppstillinga ikkje inneheld vesentlege feil. Revisjon omfattar kontroll av utvalde deler av materialet som underbyggjer rekneskapsopplysningane. Vi meiner at vår revisjon gjev eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.


Vi oppsummerer slik:

- Det er lagt fram prosjektrekneskap som syner sum kostnader på kr 25.709.586,-. Beløpet er inkludert meirverdiavgift med kr 3.516.271,-.
- Vi stadfestar at den framlagde prosjektrekneskapen er i samsvar med bokføring på prosjekt 1079 «Meierikvartalet - veg/gangveg/fortau» i rekneskapen til Førde kommune.
- Vi syner til vår revisoruttale datert 07.11.2014 for det som gjeld kontroll av bokførte kostnader.
- Vi registrerer at Førde kommune per avslutning av prosjektet, har forskotert for det vesentlige av forventa refusjon frå andre. Vi syner til rådmannen si saksutgreiing, datert 06.10.2015 og er kjende med avtale mellom partane om innbetaling.
- Så lang vi kan sjå, er lov og forskrift om offentlege anskaffelser etterlevd.

Konklusjon:

Etter vår meining gjev prosjektrekneskapen i det alt vesentlege eit uttrykk for prosjektet sine kostnader og finansiering.

Førde, 13. oktober 2015


Kari Håheim Sygna
Kommunerevisor i
KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller
57 61 26 41, evt. mobiltilf. 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;
- evt. mobiltilf. 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46
- evt mobiltilf. 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;
- evt. mobiltilf. 47 65 50 93



Førde kommune

Styre, råd og utval
Kontrollutvalet
Formannskapet
Bystyret

Møtedato

Saksnr

Sakshandsamar:
Ole John Østenstad

Arkiv:
FA-M20

Arkivsaknr.:
12/1890

Elvevegen og Meierikvartalet - opprustning. Prosjektrekneskap

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
06.10.2015	Prosjektrekneskap 05.10.2015	180072
08.07.2010	Vedk. Førde kommune - underskrift utbyggingsavtale datert 05.07.10	39145
13.11.2014	Revisoruttale datert 07.11.2014.pdf	149719

Bakgrunn for saka

I 2010 vart det inngått utbyggingsavtale mellom Førde kommune og Futurum AS om utbygging av Meierikvartalet. Bakgrunnen for avtalen var rekkefølgekrav i reguleringsplan for Elvevegen vedtatt 24.04.2003 og reguleringsplanen for Meierikvartalet vedtatt 19.06.2008.

Anlegget er no ferdig, men det er fortsatt ikkje endeleg vedteke kor stor refusjon etter reglane i Plan- og bygningslova eigedommane som grensar inn til Elvevegen, skal betale. Det vil bli lagt fram eiga sak om dette.

Det har vore helde mange møter om kor mykje Futurum AS skulle betale med bakgrunn i utbyggingsavtalen. I høve til opprinneleg kostnadsoverslag, er endelege kostnader for den delen av anlegget som er knytt til Storehagen og Langebruvegen, blitt mykje høgare. Etter forhandlingar 10.09.15 er partane no samde om eit forlik.

Rekneskapen

Oppsettet under viser kostnader og finansiering etter avsluttande drøftingsmøte mellom Førde kommune og Futurum AS.

Prosjektrekneskap for investeringsprosjektet: Meierikvartalet - veg/gangveg/fortau 2008-2015, prosjekt 1079				
	Budsjett	Rekneskap 2010	Rekneskap 2011 - 2015	Rekneskap totalt
Investerings utgifter:				
Byggetenester	23 600 000	10 528	15 286 393	15 296 921
Andre tenester (som inngår i eigenproduksjon)		1 154 705	1 193 977	2 348 682
Konsulenttenester			303 686	303 686
Grunnerverv		29 530	3 202 920	3 232 450
Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon		66 910	3 449 361	3 516 271
Renteutgifter, provisjonar o.a. finansutg m/spes		13 492	142 251	155 743
Avsetning til ubundne investeringsfond			855 833	855 833
Sum utgifter	-23 600 000	1 275 165	24 434 422	25 709 586
Finansiering:				
Anna avgiftspliktig sal av varer, tenester m/opdg			-167 452	-167 452
Momskompensasjon	-2 665 000	-11 283	-2 661 414	-2 672 697
Refusjon frå fylkeskommunar m/opdg			-2 996 253	-2 996 253
Refusjon frå andre (private)	-18 935 000		-13 614 340	-13 614 340
Overføringer frå fylkeskommunar	-1 000 000		-3 318 686	-3 318 686
Bruk av lån - inv.rekneskåpet m/spes	-1 000 000	-211 498	-1 206 002	-1 417 500
Sum finansiering	-23 600 000	-222 781	-23 964 146	-24 186 927
Manglande finansiering		1 052 383	470 276	1 522 659

Oversikt over vedtak:	Løyving
BY-D10/13 Budsjettendring 2013:	
Refusjon utbyggingsavtale	18 935 000
Mva - refusjon	2 665 000
INU - midlar	1 000 000
Kommunal finansiering	1 000 000
Sum	23 600 000

Note:

Førde kommune har mottatte kr 842.535,- i mva-kompensasjon i åra 2009-2014. Denne kompensasjonen er etter regelverket inntektsført i driftsrekneskåpen, og kjem difor ikkje fram i rekneskåpen til prosjektet.

Saksutgreiing

I punkt 4 i avtalen heiter det at det skal etablerast køyreveg med tilhøyrande fortau for Elvevegen og veg til Storehagen og at fortau/gangveg rundt kvartalet skal rustast opp. Det skal også etablerast ny vass- og avløpsleidning i Elvevegen. Førde kommune har ansvar for prosjektering og utbygging av anlegga. Kostnadane skal i utgangspunktet dekkast av Futurum AS, jfr. punkt 8.1 i avtalen, men Førde kommune skal dekke kostnadane med VA-anlegg. Førde kommune som tiltakshavar skal gjennom reglane i Plan- og bygningslova søke å gjennomføre refusjonsutlikning på dei eigedommane som er refusjonspliktige og som har nytte av anlegga (pkt. 7 i avtalen).

Futurum AS er altså ansvarleg for kostnaden med utbygginga (med unnatak av VA-anlegga), men ein del av kostnaden skal refusjonsutliknast på fleire eigedommar i kvartalet ved bruk av reglane i Plan- og bygningslova – i praksis er dette kostnader knytt til Elvevegen.

Rådmannen sin plan var å legge fram ei sak der refusjon i samsvar med reglane i Plan- og bygningslova skulle vedtakast av Bystyret samstundes med denne saka. Men to partar har sett fram krav om skjøn slik at den endelege godkjenninga av refusjonssummane frå naboeigedommane må vente. Om resultatet av denne prosessen blir at dei to eigedommane skal svare ein lågare refusjonssum enn det

som er lagt til grunn i denne saka, skal dette ikkje påverke den summen kommunen har til gode. Det er Futurum AS som etter utbyggingsavtalen er ansvarleg for kostnadane, og som evt. i lag med dei andre refusjonsdebitorane må betale tilsvarande meir om dei to eigedommane får godkjent ein lågare refusjonssum.

I sak 10/13 vart det vedteke justert budsjett for anlegget med ein kostnad på 23,6 million kroner. Det var i denne saka føresett at Førde kommune skulle ta del i finansieringa med 2 mill kr der ein million kjem frå INU-midlane som kommunen får til sentrumstiltak.

Ved administrativt vedtak datert 20.10.2011 vart det gjort ei mindre endring i reguleringsplanen for Storehagen, Meieritomta og Elvevegen. Endringa gjorde at noko meir areal (759 m²) innanfor planområdet har blitt nytta til trafikkformål. Ekstrakostnaden knytt til denne utvidinga har Asplan Viak kalkulert til kr 2.057.997 eks. mva. For ikkje å skiple refusjonsutlikninga, har rådmannen tidlegare tilrådd at denne kostnadsauken vert dekkja av Førde kommune gjennom bruk av ytterlegare 2 mill kr av INU-midlane som er sett av til sentrumstiltak, jfr.prosjektstyringsrapport av 26.11.2014 referert i Formannskapet 15.01.2015 der det står følgjande omtalt under prosjekt for Meierikvartalet:

Budsjettoverskridinga vert føreslått dekkja med auka tilskott frå INU-ordninga.

Rekneskapan er gjort opp med ein kostnad på kr 25.709.586. Fråtrekt forskottering av gatelys for Statens vegvesen (kr 167.452) er kostnaden **kr 25.542.134**. Gjennom utbyggingsavtalen skal Førde kommune ha tilbake kr 17.883.714. Det er berre den delen av utbyggingskostnaden som Kunstmuseet skal svare for som i dag er betalt inn. Førde kommune har forskottert og har derfor hatt uteståande kr 14.887.461 som det har hasta med å få betalt inn. Kommunen har vore i dialog med Futurum AS om innbetaling, men kompleksiteten i denne saka har gjort at det ikkje har lete seg gjere å få til innbetaling.

Forlik

Futurum AS har heilt sidan utbygginga tok til, hatt merknader til kostnadane i prosjektet. Dei har som følgje av dette også nekta å betale inn akonto- beløp for kommunen sine kostnader. I drøftingsmøte 10.09.15 mellom Førde kommune og Futurum AS vart partane samde om at Futurum sin del av betalinga for anlegga langs Storehagen og Langebruvegen skulle reduserast med kr 1.273.120. Futurum har i samband med forliket plikta seg til å betale inn sin del av det uteståande omgåande.

FØRDE KOMMUNE SI ROLLE

I møte med Futurum AS i 2012 vart det presentert eit kostnadsoppsett som mangla planleggings- og grunnvervskostnader som var finansiert tidlegare (før 2011) av Førde kommune. Rådmannen tilrår at denne kostnaden vert dekkja av kommunen sett i lys av at kostnaden for heile prosjektet er blitt høg for utbyggerane – kr 1.263.881.

Prosjektet er også påført ekstrakostnader ved tilpassing til Post-eigedommen som rådmannen også vil tilrå vert dekkja av Førde kommune - kr 820.271.

Som det går fram av det føregåande, vart reguleringsplanen endra undervegs i prosjektet noko som gjorde at utbyggingsarealet vart større, og denne kostnaden

ikkje kunne leggest inn i refusjonsutrekninga. Rådmannen tilrår at Førde kommune dekkar desse kostnadane – kr 2.057.997 i samsvar med tidlegare vedtak i sak 10/13 i Bystyret.

Momskompensasjonen vert føreslått tilbakeført til prosjektet. Av den totale momskompensasjonen på kr 3.516.270, er kr 843.574 inntektsført i drifta i samsvar med reglane som var gjeldande då. Denne summen må derfor finansierast opp att om utbyggarane skal nyte godt av denne kompensasjonen.

Endeleg må Førde kommune dekke kr 1.273.120 som følgje av forlik i møte 10.09.2015. Oppsummert vil Førde kommune finansiere følgjande:

Tilrettelegging ved "Posten"	820 271
Tidl. kostnader - planlegging	1 263 881
Tilskott for utvida areal	2 057 997
Momsrefusjon ført i investeringsrekneskapen	2 672 696
Momsrefusjon ført i driftsrekneskapen	843 574
Forlik 10.09.2015	1.273.120
SUM	8.931.540

Av dette må kr 6.258.844 finansierast særskilt i investeringsrekneskapen.

I sak 10/13 i Bystyret vart det vedtatt at Førde kommune skulle dekke 2 mill kr – 1 mill kr i form av INU-midlar og 1 mill kr som midlar budsjettert til sentrumstiltak.

I tillegg har Førde kommune fått godkjent at 2 mill kr av INU-løyvinga for 2014 til sentrumstiltak, også vert nytta til å finansiere ekstrakostnadane.

Den manglande finansieringa utgjer altså kr 2.258.844 der den vesentlege delen av dette kan relaterast til finansiering av den delen av momskompensasjonen som tidlegare er inntektsført i driftsrekneskapen samt forliket av 10.09.15. Det vert tilrådd slik dekking av den manglande finansieringa:

Tidlegare løyving frå INU	-318.686
Unytta lån Kunstmuseet	-417.500
Nytt låneopptak	-1.522.658


INU-midlane som kommunen får til sentrumstiltak finansierer altså kr 3.318.686 av finansieringsbehovet på kr 6.258.844. Resten vert føreslått finansiert med unytta lånemidlar og nytt låneopptak.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Prosjektrekneskap datert 05.05.2015 for utbygging av Meierikvartalet, prosjektnummer 352/1079, vert godkjent.
2. Førde kommune dekker den delen av prosjektkostnaden som ikkje blir dekket i samsvar med utbyggingsavtale med Futurum AS - kr 6.258.844 - slik:

Bruk av lån	-1 000 000	Sak 10/13 i Bystyret
INU	-1 000 000	Sak 10/13 i Bystyret
INU	-2 318 686	
Unyttet lån Kunstmuseet	-417 500	
Nytt låneopptak	-1.522.658	

Førde, den 06.10.2015


Ole John Østenstad
Rådmann

Bernhard Øberg
Einingsleiar

Prosjektrekneskap for investeringsprosjektet: Meierikvartalet - veg/gangveg/fortau 2008-2015, prosjekt 1079				
	Budsjett	Rekneskap 2010	Rekneskap 2011 - 2015	Rekneskap totalt
Investerings utgifter:				
Byggetenester	23 600 000	10 528	15 286 393	15 296 921
Andre tenester (som inngår i eigenproduksjon)		1 154 705	1 193 977	2 348 682
Konsulenttenester			303 686	303 686
Grunnerverv		29 530	3 202 920	3 232 450
Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon		66 910	3 449 361	3 516 271
Renteutgifter, provisjonar o.a. finansutg m/spes		13 492	142 251	155 743
Avsetning til ubundne investeringsfond			855 833	855 833
Sum utgifter	23 600 000	1 275 165	24 434 422	25 709 586
Finansiering:				
Anna avgiftspliktig sal av varer, tenester m/opdg			-167 452	-167 452
Momskompensasjon	-2 665 000	-11 283	-2 661 414	-2 672 697
Refusjon frå fylkeskommunar m/opdg			-2 996 253	-2 996 253
Refusjon frå andre (private)	-18 935 000		-13 614 340	-13 614 340
Overføringar frå fylkeskommunar	-1 000 000		-3 318 686	-3 318 686
Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-1 000 000	-211 498	-1 206 002	-1 417 500
Sum finansiering	-23 600 000	-222 781	-23 964 146	-24 186 927
Manglande finansiering		1 052 383	470 276	1 522 659
Oversikt over vedtak:				
		Løyving		
BY-010/13 Budsjettendring 2013:				
Refusjon utbyggingsavtale		18 935 000		
Mva - refusjon		2 665 000		
INU - midlar		1 000 000		
Kommunal finansiering		1 000 000		
Sum		23 600 000		

Note:

Førde kommune har motteke kr 842.535.- i mva-kompensasjon i åra 2009-2014. Denne kompensasjonen er etter regelverv inntektsført i driftsrekneskapen, og kjem difor ikkje fram i rekneskapen til prosjektet.

Førde, 5. oktober 2015


Terje Guddal
Leiar Rekneskap/skatt


Arve Hornnes
Prosjektleiar

Førde kommune
v/ rådmann

kopi: leiar rekneskap-skatt

Dykkar ref.: Vår ref. : Arkivkode : Journalnr. : Dokumentdato:
F:/Førde dr.m 050/2014 07.11.2014

**REVISORUTTALE VEDKOMANDE KOSTNADER BOKFØRT PÅ PROSJEKT 1079
MEIERIKVARTALET per 07.11.2014.**

Vi har fått førelagt rekneskapsoppsett for prosjekt 1079 «Meierikvartalet» med oppdrag å bistå med å vurdere riktigheita av bokførte kostnader for det ovannemnde prosjektet.

Vi har kontrollert at:

- Framlagd rekneskapsoppsett, datert, 27.oktober 2014, som syner sum utgifter på kr 25.706.936,- inkludert meirverdiavgift, er i samsvar med bokføring på prosjekt 1079 «Meierikvartalet» i rekneskapsen til Førde kommune per 27.10.2014. Vi registrerer at ei mindre faktura frå Asplan Viak er bokført etter denne dato.
- Vi har ikkje påvist bilag som openbart ikkje vedkjem prosjektet.
- Ved gjennomgang av faktura på dei einskilde leverandørar, har vi sett at postering av like kostnader ikkje er gjort konsekvent i forhold til bruk av konto. På bakgrunn av våre noteringar har vi satt opp følgjande kostnadsfordeling:

Bokførte kostnader på prosjekt 1079 Meierikvartalet per 07.11.2014, ref. notat ved revisjon.	
Anleggskostnader	14.998.522,00
Prosjektleiing/styring av oppdraget m.m.	2.670.666,00
Erstatning veggrunn	3.588.282,00
Kostnader ved skjønn	280.103,00
Rentekostnad	155.743,00
Avsatt til restarbeid	500.000,00
Totalt bokførte kostnader utan mva	22.193.316,00
Meirverdiavgift	3.516.270,00
Totale kostnader	25.709.586,00

Konklusjon:

Etter vår meining gjev prosjektrekneskapsen for Førde kommune for prosjekt 1079 Meierikvartalet, datert 27.10.2014, i det alt vesentlege eit uttrykk for prosjektet sine kostnader. Rekneskapsen syner sum totale kostnader inkl. mva på kr 25.706.936,-. Med tillegg for faktura som er bokført etter den 27.10.2014 på kr 2.650,- inkl. mva, er totale bokførte kostnader for prosjektet, inkludert mva kr 25.709.586,-.

Førde, 7. november 2014


Kari Håheim Sygna
KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Regionskontor for kommunane:


Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller
57 61 26 41, evt. mobil tlf. 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;
- evt. mobil tlf. 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46
- evt mobil tlf. 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;
- evt. mobil tlf. 47 65 50 93

	ØKONOMI -HANDBOKA	Revisjonsdato:	15.12.2010
		Revidert av:	Rådmann
		Godkjent dato:	28.03.2001 sak 061/01
Prosedyre nr 8.1	Versjon nr 1	Godkjent av	Bystyret
Prosjektrekneskap			Side 1 av 2

PROSJEKTREKNESKAP - RUTINE

Rutine for prosjektrekneskap er utarbeida med bakgrunn vedteke økonomireglement for Førde kommune.

Det viktigaste føremålet med prosjektrekneskapen er å gje Bystyret tilbakemelding om gjennomføring av større prosjekt. Den rekneskapsmessige delen må også sjåast i samanheng med godkjenning av den ordinære kommunerekneskapen og dei ordinære budsjettkontrollane. Denne rutinen gjeld for alle bygge- og anleggsprosjekt i kapitalrekneskapen til Førde kommune. Den gjeld ikkje i samband med kjøp av varer og tenester som vert ført i kapitalrekneskapen med mindre dette skjer i tilknytning til bygge- og anleggsprosjekt.

1 REKNEKAPSFØRING

Prosjektrekneskapen skal førast i Førde kommune sitt økonomisystem. I tillegg til at kontoplanen skal bestå av dei obligatoriske dimensjonane: konto, ansvar, teneste og prosjekt, skal ein nytte dimensjonen prosjektart når det er behov for ein ytterlegare spesifisering - særleg gjeld dette større byggeprosjekt der det er vesentleg å ha ein kontinuerleg kontroll med framdrifta.

2 PROSJEKTOPPSTART

Oppstartsmøte

I samband med oppstart av større byggeprosjekt skal det gjennomførast oppstartsmøte der rådmannen saman med prosjekteigar, prosjektleiar og evt.styringsgruppe går gjennom rammene for prosjektet.

Prosjektdirektiv

Prosjekteigar skal sjå til at det vert utforma prosjektdirektiv i samsvar med malen til Førde kommune. For mindre prosjekt kan direktiv sløyfast.

3 BUDSJETTERING

Alle bygge- og anleggsprosjekt skal vere ein del av kommunen sitt ordinære budsjett (kapitalbudsjettet).

Budsjettering skjer elles i samsvar med dei statlege budsjett- og rekneskapsforskriftene og reglement for delegering av avgjerdsrett i budsjettsaker.

Ansvar for at budsjettendringar vert følgt opp etter vedtak ligg til prosjekteigar. Ved budsjettendring skal det snarast etter at vedtak er gjort, sendast melding til rekneskapsjefen for oppdatering av økonomisystemet. Kopi til rådmannen og revisor.

4 PROSJEKTREKNESKAPEN

Når eit prosjekt er ferdig, ber prosjekteigar rekneskapssjefen utarbeide rekneskapsmessig oppstilling. Oppstillinga skal vere fullstendig, og vise alle utgifter, inntekter, finansiering, evt. mangel på slik og vedtak/budsjettendringar o.l.. Oppstillinga skal minimum ha ei kolonne for kostnadsoverslag/budsjett og samla forbruk, men bør også vise rekneskap fordelt på år.

Prosjekteigar lagar m.a. på grunnlag av oppsettet frå rekneskapssjefen ei saksutgreiing som vert signert av Rekneskapssjefen, prosjekteigar og Rådmannen. Saka vert lagt fram for revisjonen. I samband med utarbeiding av prosjektrekneskapen bør det gjennomførast møte i prosjektgruppa og det bør utarbeidast ein omtale av prosjektet.

Saka går til Kontrollutvalet, Formannskapet og Bystyret.

Det skal ikkje leggst fram eigen prosjektrekneskap for prosjekt med ei brutto kostnadsramme under 10 mill kr med mindre det ligg føre vesentlege avvik med omsyn til tid, produkt, kostnad o.l.

Prosjekteigar avgjer sjølv når eit prosjekt er ferdig. Somme prosjekt kan strekke seg over mange år pga. garantitilhøve, grunnverv o.l. I slike tilfeller skal prosjektrekneskapen leggst fram når ein overtek anlegget eller det er ferdigstillt. Dei attståande kostnadane må då stipulerast. Dersom det viser seg at endeleg rekneskap viser vesentlege avvik frå prosjektrekneskapen skal prosjektrekneskapen leggst fram på nytt.

5 PROSJEKTSTYRINGSGRUPPA

Rådmannen arrangerer 4 gongar i året møte med alle prosjekteigarane, prosjektleiarane, rekneskapssjefen og revisor der ein går igjennom rapportering av alle prosjekta. Referat frå møtet vert sendt Kontrollutvalet og Formannskapet.

6 BYGGELÅNSRENTE

Rekneskapssjefen har ansvaret for at alle bygge- og anleggsarbeid vert belasta med byggelånsrente som ein del av kostnaden i byggetida. Unnataket er mindre prosjekt der det ikkje er fornuftig å opprette byggelånskonto.

7 RESTFINANSIERING/BUDSJETTENDRING

Dersom eit prosjekt vantar tilstrekkeleg finansiering, vert det sendt melding til rådmannen om dette, slik at det kan fremjast eiga sak om oppfinansiering.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 23.10.2015	Saknr 038/15
--	-------------------------------	------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-040	Arkivsaknr.: 14/356
---	-------------------------	-------------------------------

Oppfølgingslister 6-2015

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følge opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
22/09 Kontrollutvalsarbeid – tiltak	10.11.2009	-Informasjon frå administrasjonen. -Tertialrapportar. -Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. -Informasjon frå revisor om arbeidet med finansiell revisjon. -Kvalitetsrapportar frå revisor.
Forvaltningsrevisjon: Korrekt handsaming av din sak	20.6.2014 20.6.2014 8.9.2014 28.4.2015 19.6.2015	Sak 29/14 vedtak: Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjon om: Korrekt handsaming av di sak. <ol style="list-style-type: none">1. Forvaltningsrevisjonen vert avgrensa til tekniske tenester2. Vurder handsaming i høve forvaltningslova og offentleglova3. I kva grad handsaminga er i tråd med gjeldande regelverk Framlegg til prosjektplan vert lagt fram på møte den 8. september 2014. Frist for rapport frå prosjektet: 1. juni 2015 . Tinginga sendt til Kryss revisjon. Sak 035/14 vedtak: Kontrollutvalet tek prosjektplanen til orientering. Motteke rapport frå KRYSS Revisjon Sak 022/15 Vedtak: <ol style="list-style-type: none">1. Bystyret tek forvaltningsrevisjonsrapport frå KRYSS Revisjon - Korrekt handsaming av di sak, datert 24.4.2015 til orientering.

Sak	Dato	Status																
	22.6.2015	<p>2. Bystyret ber rådmannen ta tilrådingane frå revisor med seg i det vidare arbeidet med kvalitetssikring av byggesakstenestene i Førde kommune, der det m.a. vert gitt informasjon om rett til klage- og innsyn i samsvar med forvaltnings- og offentleglova.</p> <p>3. Rådmannen informerer kontrollutvalet innan 1.1.2016 om kva som er gjort i forhold til tilrådingane i rapporten.</p> <p>Sendt sak m/rapport til Førde kommune/bystyret .</p>																
005/15 Møteplan 2015 Førde kontrollutval	6.2.2015	Vedtak: Møteplan 2015 for Førde kontrollutval vert godkjent med følgjande datoar: 6. februar, 6. mars, 10. april, 27. mai, 19. juni, 24. august, 23. oktober og 11. desember.																
	6.2.2015	Bestilt møterom for resterande møter i 2015.																
016/15 Rådmannen informerer om rutinar for eigenkontroll i Førde kommune	10.4.2015	Vedtak: Kontrollutvalet tek rådmannen sin informasjon om rutinar for eigenkontroll i Førde kommune til vitande. Få info om oppfølging av eigenkontrollen i løpet av 2015.																
023/15 Tinging av overordna analyse	18.6.2015	Infobrev frå SEKOM-sekretariat om spørjeundersøking til kommunestyret og kontrollutvalet, i høve overordna analyse, referert i Bystyret BY-037/15.																
	19.6.2015	Vedtak: Kontrollutvalet tingar overordna analyse for Førde kommune frå KRYSS Revisjon.																
	22.6.2015	Tinginga sendt til KRYSS Revisjon																
024/15 Tinging av eigarskapskontroll	19.6.2015	Vedtak: Kontrollutvalet tingar selskapskontroll i form av eigarskapskontroll frå KRYSS Revisjon. Har Førde kommune rutinar som fungerer med oppfølging av eigarskapen i tråd med vedteken strategi i eigarskapsmelding?																
	22.6.2015	Tinginga sendt til KRYSS Revisjon																
025/15 Reglement for høyringar i Førde kontrollutval	19.6.2015	Vedtak: Framlegg til reglement for høyringar i Førde kontrollutval datert 10.6.2015, vert vedteke med følgjande endring av §3 punkt 1, 2. setning og 4: Andre tilsette i kommunen kan inviterast direkte for å møte i høyring. Spørsmålet stillast direkte til den tilsette, men rådmannen skal gjevast høve til å supplere forklaringa om ønskjeleg.																
	23.6.2015	Sendt til Førde kommune/bystyret for endeleg handsaming.																
	24.9.2015	Handsama i Bystyret sak BY-038/15.																
029/15 Skriv og meldingar	15.9.2015	Fylkesmannen sin rapport frå systemrevisjon med Førde kommune, barnevernteneste datert 29.6.2015 Sendt e-post til Førde kommune og bedt om å få plan for tiltak som er sett i verk for å rette avvik (skulle utarbeidast innan midten av juli 2015), innan 30.9.2015.																
	16.9.2015	Fått tilsendt svarbrev frå Helse og barn datert 22.7.2015.																
031/15 Budsjett for Førde kontrollutval 2016	15.9.2015	Vedtak: Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet på teneste 11051:																
		<table border="1"> <thead> <tr> <th>Konto</th> <th>Budsjett 2016</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>10800 Godtgjersle folkevalde</td> <td>41 000</td> </tr> <tr> <td>10801 Godtgjersle leiar</td> <td>31 000</td> </tr> <tr> <td>10990 Arbeidsgjevaravgift</td> <td>10 000</td> </tr> <tr> <td>11500 Opplæring, kurs/seminar</td> <td>30 000</td> </tr> <tr> <td>11600 Utgift./godtgjersle reiser, diett, bil</td> <td>3 000</td> </tr> <tr> <td>11959 Kontingent FKT</td> <td>5 000</td> </tr> <tr> <td>Samla</td> <td>120 000</td> </tr> </tbody> </table>	Konto	Budsjett 2016	10800 Godtgjersle folkevalde	41 000	10801 Godtgjersle leiar	31 000	10990 Arbeidsgjevaravgift	10 000	11500 Opplæring, kurs/seminar	30 000	11600 Utgift./godtgjersle reiser, diett, bil	3 000	11959 Kontingent FKT	5 000	Samla	120 000
Konto	Budsjett 2016																	
10800 Godtgjersle folkevalde	41 000																	
10801 Godtgjersle leiar	31 000																	
10990 Arbeidsgjevaravgift	10 000																	
11500 Opplæring, kurs/seminar	30 000																	
11600 Utgift./godtgjersle reiser, diett, bil	3 000																	
11959 Kontingent FKT	5 000																	
Samla	120 000																	
		Sendt til Førde kommune/rådmannen til vidare handsaming.																

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 23.10.2015	Saksnr 039/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/455
---	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).